

REFERAT

Tema for møte: PTU-SF Vårmøte
Dato: 19.03.2020
Tid: 10:00 – 13:00
Stad: Skype

Desse var med på møtet

Tone Reinsnos Knutsen (Fylkesmannen i Vestland/GIS)
Gunn Tove Nyheim (Fylkesmannen i Vestland/plan)
Torbjørn Hasund (Sogn og Fjordane fylkeskommune/plan)
Irene Hollevik (Kinn kommune) – Sunnfjord/Ytre Sogn
Eirik Norheim (Høyanger kommune) – Sunnfjord/Ytre Sogn
Marte Bergum Hansen (Sogndal kommune) – Indre Sogn
Aase Midtgaard Skrede (Kartverket Vestland)

Velkommen v/vertskap

Skypemøte leia av Aase. Planlagt møte i Sogndal v/vertskap Marte vart avlyst grunna pågåande Koronapandemi.

Sak 1&2/20 Runde rundt bordet & oppfølging av referat


Tone (FMVE/GIS)

Ny logo er på plass i [fylkesatlas Vestland](#). Ikkje nye servere på plass endå, så plan geosynk ikkje på plass. Oppdatere wms arealplanar frå kommunane, mykje endringar på nyåret.

Rask gjennomgang av foredraget som blei halde på Lokale Kartdagar i Loen i mars om "*Fylkesatlas og plan utfordringar/medvirkning*". Bidrar gjerne med oppfølgingsforedrag til neste år i Loen: "Kva er ståa no?"

Saknar lenke til kartløyning med påskrudd plan for Kinn kommune. Irene melder om at Norkart har laga nye teiknereglar som skal kome med neste versjon av programvare. Dette skal gjere det lettare å dele opp lag i arealplan.

Sit for tida på heimekontor, men jobbar førebels som vanleg.



Irene (Flora)

Kulturminne – Krigsminne

Lagt inn i kommunedelplanen, men ikkje blitt gjort noko med å forankre denne i eigen base enno.

Metadata

Har rutinar her, jobbe med at alle følger denne. Repetering repetering ;o).

Kommunedelplan for Floralandet-Brandsøy

Ligger på høyring ut denne uka. Planen må nok på ny høyring da vi ser det er kommen inn mange nye gode innspel. Her har kommunen oppheva mange reguleringsplaner og bebyggelsesplaner.

Kommuneplanens arealdel(Vågsøy)

Planoppstart av kommuneplanens arealdel og utlegging av planprogram.

Her skal ein også gå gjennom alle bebyggelsesplan og reguleringsplan og oppheve dei som bør opphevast.

Reguleringsplanar

Her held vi på med opprydding for få oversikt over planer som Vågsøy kommune har hatt og er under arbeid og skal til vedtak. Vi har om lag 10 planer/saker pr no som skal opp i løpet av våren.

Tegneregler i Gisline for kommune(del)plan

Desse har vi jobba ilag med Norkart for å få på plass. Dei blei ferdig før jul 2019 og skulle publiserast på nyåret 2020. Blei ein kommunikasjonssvikt internt i Norkart av den grunn kom dei ikkje ut med denne versjonen. Men kommer ut ved neste versjon/fix.

Ta dei i bruk når dei kommer og fortel andre kommunar også at dei finst. Når eg har sett dei opp i webprosjektet vårt kan eg sende ein skjermdump kordan eg har gjort det til dykk i PTU om det er interesse for det. Så kan de sende det til den som gjør dette for dykk i kommunen (har med kartportalen).

Qms-arkiv for kommune(del)plan

Står forsatt tomme og klare inntil Norkart publiserer dei nye tegnereglane på applikasjonsdrift og vi får tid til å gjøre jobben.

Applikasjonsdrift Norkart

Testperioden er over og vi er inne i drift. Vi syns dette går bra.

Tiltaksanalysa

Vi har vore/er med i eit lite pilotprosjekt, der Norkart synkroniserer tiltaksanalysa opp mot geonorgeportalen. Når vi bekrefter våres DOK kommer temadataene vi legger inn i geonorgeportalen som våres dok inn i tiltaksanalysa. Så må/kan ein også gi beskjed kva data ein ikkje vil ha inn, dei ligg som filter (sensitive data, FKB data ol). Kan det vere noko data du har satt opp som ikkje blir tatt inn i analysa pga kandidat eller ikkje dekning el anna grunn. Dette har dei no testa for Kinn. Dette syns vi gjekk fint og fornøyd med denne løysninga. Vi har lagt inn nokon eigne datasett inn som plandata og matrikkelkart.

DOK –temadata

Held på å setje opp DOK-temadata i kartportalen dei same som vi har i tiltaksanalysa.

Kommunesamanslåing

Vi har ein heil del jobb med å få like rutinar og digitale system mellom to kommunar. Temadata for begge kommunar må samkøyrast og på plass og planbasar. Her ser vi er ein del ulikt nivå og praksis. Masse jobb foran oss på dette feltet. Krevjande å få til da vi i Kinn kommune ikkje fått ekstra GIS-ressursar og vakante stillingar har blitt fjerna. Og mange

system må setjast opp på nytt og fleire nye brukarar som treng hjelp og opplæring. GIS-personer blir brukt og må innom mange arenaer(fagfelt). Spesielt i kommunesamanslåingsprosessen. Men det ordnar no seg nok etter kvart, få ta tida til hjelp. Alltid godt å få røska opp litt i systema..

Mykje å gjøre på alle fagfelt i Kinn no på avdelinga «arealforvaltning og byggesak.»

Tilsetting

Er i gang med intervjurunde med å tilsetje to nye arealplanleggarar.

Gunn Tove (FMVL/plan)

I tillegg til kommunedelplan for Florelandet og Brandsøy, som Irene nemnde, har vi framlegg til ny arealdel for Bremanger, Fjaler og Gloppen til høyring. Det er avtalt arbeidsmøte med Fjaler 24.03.2020.

Vi har fokus på å rydde i ein del problemstillingar og konfliktfulle byggjeområde ved høyringa av plansaker, og har både arbeidsmøte og dialogmøte, for å redusere talet på motsegner.

Vi har mange reguleringsplanar på høyring, og som vanleg får vi ein god del dispensasjonssaker.

Torbjørn (SFFK/plan)

Det vil vere ein stor fordel om presentasjonen av kommuneplankarta vert betre. Spesielt vil det å kunne slå av og på omsynssoner og faresoner kunne gjere lesbarheita mykje betre. Slik dei er no er det vanskeleg å få oversikta. Det beste vil vere om vi får det slik det var drøfta i møtet, at utkast til plankart ligg på Fylkesatlas, med den moglegheita å slå av lag i sjølve karta, og i tillegg legge på dei ulike temalaga som er tilgjengelege i Fylkesatlas. Det vil og vere ein stor føremun med ei løysing der teiknforklaringa er synleg («flytande») heile tida mens du orienterer deg og flyttar deg rundt i plankartet.

Eirik (Høyanger)

Leverte ved før jul inn prosjektet «Kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder».

Har etter nyttår arbeidet med å lage temadata for flomveier/dreneringslinjer for Høyanger kommune. Foreløpig i forstadiet.

Marte (Sogndal)

Kartlegging og verdsetjing av friluftslivområder:

Sidan sist har kartlegging og verdsetjing av friluftslivområder i Sogndal, Balestrand og Leikanger, no Sogndal, blitt ferdigstilt og er publisert.

Reguleringsplan/ kommuneplan/ kommunesamanslåing:

I samband med kommunesamanslåinga har større planarbeid stått noko på vent.

Reguleringsplanbasane er slått saman, men kommuneplanbasane er ikkje. Det er naturleg å ha 3 basar fram til ny kommuneplan er vedteken, då det er veldig forskjellig kvalitet.

Elles har samanslåingsprosessen gått greitt, og systema fungerer som dei skal.

I samband med samanslåinga var det ynskja å oppretta ei GIS-stilling, men dette vart ikkje prioritert. Likevel ser ein at me sjølve har for lite gis-kunnskap til å klare oss sjølve, og at me, og mange av kommunane rundt oss er avhengige av hjelp frå Darek. Plangruppa i Sogn har valt å fortsetja kontakten i plangruppa som vart oppretta i samband med bustadpolitisk handlingsplan, gruppa har sett opp møteplan og skal på dei forskjellige møta ha aktuelle tema og gi erfaringsutveksling.

Kommunedelplan for Loftesnes-Kaupanger:
Statens vegvesen skulle leggja planen på høyring i mars, men ligg ca. eit halvt år bak skjema, dette grunna omorganisering hjå dei.

Sak 3/20 Temadata

Siste nytt frå Temadataforum

Vårmøtet som var planlagt onsdag 5.mars er flytta til Skypemøte onsdag 15.april. Referat frå møtet vil bli lagt ut på [Temadataforum](#) sine sider på Georange.

Annan informasjon om temadata

- Det er utarbeidd eit [faktaark om Det offentlige kartgrunnlaget \(DOK\)](#) for distribusjon i kommunane. Målgruppa er primært kommuneleiinga, plan og bygg og andre som ønskjer å få auka kunnskapen sin om dette.
- Den nasjonale geodatastrategien "[Alt skjer et sted](#)" er supplert med ein revidert handlingsplan for 2020. Denne handlingsplanen skildrar aktivitetane som skal utførast dei neste åra. Det er også det utarbeidd eit [faktaark om Nasjonal geodatastrategi fram mot 2020](#).
- Det er utarbeidd ny mal for [Geodataplanen](#) 2021-2024, for kapittelet som omhandlar Temadata er det tatt utgangspunkt i [tiltak 3](#) i den Nasjonale geodatastrategien. Det er sett følgjande nasjonale målsetjing:
 - Alle aktuelle DOK-tilleggsdata (lokale data) som fint i kommunar skal registrerast og vedlikehaldast i [Georange](#)
 - Alle aktuelle lokale data skal forvaltast i nasjonale datasett i samarbeid med nasjonale etatar
 - Etablering av nye aktuelle kommunale datasett
 - Auka bruk av temadata i kommunal forvaltning
- I samband med auka fokus på lokale temadata er det det laga eit hjelpedokument for [enkel metadataeditor](#). Dokumentet er eit tillegg til [metadataveilederen](#). Det er tillate å nytte enkel metadataeditor for kommunale, interkommunale og regionale data. Enkel metadataeditor kan også nyttast om ein ønskjer å gjere data tilgjengelege som ikkje er geografiske.
- [NVE har sendt ut eit brev til kommunane](#) der dei ber om at det vert sendt inn geotekniske rapportar til Nasjonal database for grunnundersøkingar ([NADAG](#)) og melde inn faresoner for kvikkleire til nasjonal database for kvikkleiresoner.
- [NGU har utarbeida eit eksempel på avtale](#) for å sikre tilgang til data, denne finn ein på nettsidene om NADAG.

Status flaumvegar

Geovekst-forum har sett ned ei [arbeidsgruppe som skal jobbe med kvalitetsforbetring av FKB-vann](#). Gruppa skal samle og samordne behova til Geovekstpartane og foreslå kvalitetshevande tiltak og endringar av registreringsinstruksar.

NVE tilbyr kommunane å søkjer [tilskudd til kartlegging av kritiske punkt i bekker og bratte vassdrag](#).

Status val av DOK

På Georange kan ein ved hjelp av ein [rapportverktøy](#) hente ut rapport på status for val av DOK kommunevis. Dessverre har mange kommunar opplevd at dei ikkje har fått lagra val av DOK fordi dei har blitt "kasta ut" av innlogginga. Inntil problemet er fiksa ber vi kommunane vere merksam på å sjekke linnloggingsstatus (og ev. logge inn på nytt) før ein lagrar. Så langt i år har 20 av 43 kommunar kome i gang med (eller ferdigstilt) sitt val av DOK.

Status Friluftsliv

Friluftslivets ferdselsårer er eit nytt nasjonalt prosjekt (2019-2020) som mellom anna skal betre turveggar, turstiar og turløyper i kommunane. Målet med ordninga er at den enklaste form for friluftsliv, vandering i naturområde, skal bli lett tilgjengeleg for alle. Det er utarbeida ein rettleiar [Plan for friluftslivets ferdselsårer](#) som viser korleis temaplanar for ferdselsårer kan utarbeidast på ein systematisk og målretta måte.

Vestland fylkeskommune orienterer på sine nettsider at Friluftslivets ferdselsårer er ei naturleg vidareføring av det gode arbeidet kommunane har gjort med kartlegging og verdisetting av friluftsområde og det nasjonale turskiltprosjektet

Det er no 10 kommunar (Alver, Askøy, Øygarden, Bergen, Samnanger, Bjørnafjorden, Austevoll, Fitjar, Stord og Kvinnherad) i Vestland fylke som er i gang med dette arbeidet. Fleire kommunar har søkt midlar innan fristen 15.februar i år, men tildelinga er ikkje endeleg avgjort. Det er framleis ikkje avklart ev. nye oppstartsmøte og søknadsfristar.

I første fase av prosjektet skal ein registrere data inn i [Nasjonal database for tur- og friluftsruter](#). I Veileder om datafangst og forvaltning av data til Nasjonal database for tur- og friluftsruter står det i kapittel 4.1 om Innmelding av turruter via [Rett i Kartet](#) (det er utvikla ein eigen Rett i kartet-modul for innmelding av turruter spesielt).

I kapittel 4.2 står det om innmelding av turruter på filformat. For kommunar i Vestland fylke kan ein etter avtale overføre SOSI-filer til FTP-server. Brukar og passord vert sendt på e-post på førespurnad.

Friluftslivet er i endring, og fleire brukar naturen på nye måtar. Derfor har [Kartverket lansert 75 heilt nye symbol](#) for tur- og friluftsliv og idrett. [Symbolpakken](#) er gratis tilgjengeleg for alle som lagar kart og produserer skilt og lastast ned frå Geonorge.

Dagsturhytter

Alle kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane fylke har fått på plass [dagsturhytter](#), plassering av hyttene er vist i Fylkesatlas. Også turstiane til hyttene vil etter kvart kome på plass i Fylkesatlas/den nasjonale databasen for tur- og friluftsruter. Fylkeskommunen koordinerer innsamling av stiar til dagsturhyttene. Dette vert gjort på dugnad, men det er dekkja nærmast 80% no.

Det er no starta opp arbeid med dagsturhytter for alle kommunane i Hordaland. Lokasjon og stiar vil også her kome på plass i kartet.

Sak 4/20 Plandata

Siste nytt frå Plandataforum

Møtereferatet vert lagt ut på [Plandataforum](#) si side på Geonorge.

Framtidas planregister

Drømmescenariet for korleis planregisteret kan brukast i framtidas byggesøknader:

[Geolettfilm](#) – Direktoratet for byggkvalitet (DIBK).

Piloteringsavtale

I samband med utvikling av løysing for e-byggesøknad har Norge digitalt Plandataforum beslutta å teste ut å gi IKT-leverandørar tilgang til arealplanar gjennom Norge digitalt arealplanløsning (NAP) på gitte vilkår. Kommunnane som geosynkroniserer blir oppmoda til å skrive under avtalen innan 1.mai 2020. I menyen "Geodataarbeid" på Geonorge er det

meir info under "Norge digitalt/Parter/[Avtaler og vilkår](#). Her kan ein også lese om [piloting av plankartdata i digitale byggesøknadsløysingar](#).

Status geosynkronisering

Ved starten av 2020 er det tilsaman 19 kommunar i Vestland fylke som [geosynkroniserer](#) side plandata. Det er planlagt at minst 5 nye kommunar kjem til i løpet av året. I tillegg håpar vi at regionane Sunnfjord og Nordfjord blir med. Det er ønskjeleg at fleire store kommunar geosynkroniserer plandata.

Det er sett i verk fleire tiltak for å sikre ei meir robust geosynk-leveranseløype. Kartverket skal ha tettare oppfølging på fungerande synkronisering, i samband med dette er det laga ny rutinebeskrivelse med erfaringar frå tidlegare feilsituasjonar. Geosynkronisering blir også vidareutvikla i 2020 med strengare og felles validering før data vert tilbydt gjennom geosynkronisering. Det blir også bli varsling på tilbydar når abonnentar melder om feil i synkroniseringa, slik at dei som driftar tilbydarane får melding om feil. Det vil også bli ein gjennomgang av heile løypa for geosynkronisering av plandata og utførast ROS-analyse med aktuelle problemstillingar og tiltak.

Sak 5/20 Diskusjonstema

Korleis arbeide med lokale temadata i fylket?

Flaumvegar/dreneringslinjer

Det er stor interesse for å få til noko arbeid rundt dette temaet. Kva tiltak ein skal setje i gang og korleis ein skal utføre arbeidet er ikkje avklart. Det er viktig at arbeidet vert koordinert med [Geovekst vanngruppe](#). Vidare bør ein undersøke interesse hos kommunane og lage ein langsiktig plan for korleis ein skal jobbe med dette temaet.

Torgeir har delt ei lenke frå NVE som viser [korleis ein kan finne dreneringslinjer med GIS](#).

Det er foreslått at vi opprettar ei arbeidsgruppe med nokre deltakarar frå kvart av utvala i fylket vårt som arbeider vidare med ein idédugnad rundt dette:

Skal ein starte med arbeidsmøte i kommunane, og deretter invitere til fagdag, eller omvendt?

Skal vi jobbe regionvis eller setje i gang i dei kommunane der interessa er størst?

Kan dette arbeidet samkøyrast med å etablere eit nytt GIS-nettverk (eller to) i fylket?

Korleis kan ein best nytte kompetansen til PTU-representantar?

Invitere fagekspertise frå NVE?

Andre lokale temadata

Vi vil igjen prøve å få til regionvise arbeidsmøte i kommunane. For mange av kommunane vil det framleis ta litt tid før dei er godt i gjenge etter kommunereforma. Dette i tillegg til den pågåande Koronapandemien gjer det truleg vanskeleg å gjennomføre arbeidsmøte denne våren, men vi håpar å kunne få til noko i løpet av hausten.

KMD lyser i 2020 ut inntil 3,7 millionar kroner i tilskot for å auke kompetansen innan planlegging, kart og geodata. Dette skal bidra til å auke effektiviteten og kvaliteten på planlegging etter plan- og bygningslova. Aktuelle søkjarar er organisasjonar, verksemder og stiftingar. Vi ønskjer i samarbeid med Geoforum å søkje midlar til arbeid med lokale temadata, der vi ønskjer å ha fokus på tverrfagleg samarbeid i kommunane. Ein ser føre seg eit arbeid i 3 fasar:

- 1) Førebudende arbeidsmøte: Kommunane skaffar oversikt over alle lokale temadata. Vi møtest til uformelle regionvise arbeidsmøte og blir samde om kva fagområde kvar region ønskjer mest fokus på.
- 2) Arrangerer ein felles fagdag der vi inviterer ein eller fleire nasjonale etatar for å gi oss fagleg påfyll (ev.lærer oss korleis lokale data skal forvaltast i nasjonale datasett) og inspirere oss til vidare arbeid.
- 3) Oppfølgjande arbeidsmøte der vi jobbar med å registrere og forvalte lokale data i Georange og eller lokale kartløyisingar/Fylkesatlas.

Tidsplan for gjennomføring er avhengig av ev. tildelte midlar og kapasitet hos kommunar.

Dette vil bli ei oppfølgings sak til PTU-haustmøte.

Regionsamarbeid/Nettverksamarbeid

Kva for ulike nettverk finst det i regionane i dag? Ønske om å få i gang nye nettverk? Samarbeid mellom plannettverk og GIS-nettverk? Innan og mellom regionar?

Dei fleste kommunane har ein eller fleire planleggjarar, men ikkje alle kommunar har eigne GIS-tilsette. Det er eit sterkt ønskje å få auka tilgang til GIS-kompetanse i kommunane, men utfordrande å få forståing for dette på leiarnivå. Sven (Øygarden kommune, PTU-HO) delte litt informasjon om DigiVestland som er eit samarbeid mellom alle kommunane i Vestland fylke:

"Formålet er å samordne digitaliseringsarbeidet for å sikre likeverdige og gode tjenester til innbyggerne. Gjennom blant annet kompetansebygging, utvikling av nye felles verktøy og koordinert mottak og innføring av nasjonale løsnings, bidrar samarbeidet til et kollektivt løft. En viktig del av det kollektive løftet består av ulike faggrupper, og Faggruppe for plan, bygg og geodata er én av disse."

PTU ønskjer å etablere kontakt med denne gruppa for å sjå om vi saman kan setje fokus på å styrke GIS-kompetansen i kommunane/kommunesamarbeida.

Det er gjerne naturleg å etablere eigne plannettverk innan kvar region (dei fleste kommunane har ein eller fleire planleggjarar), medan eit GIS-nettverk gjerne kan etablerast på tvers av regionane (ikkje alle kommunar har eigne GIS-tilsette).

Dette vil bli ei oppfølgings sak til PTU-haustmøte.

Sak 6/20 Avslutning/eventuelt

Tid, stad og saker for haustmøte 2020:

Tid: Torsdag 24.september kl. 10:00 – 14:30

Stad: Sogndal kommune v/møtevert Marte

Saker: Hovudfokus på lokale temadata og nettverksarbeid.

Oppmoding om å melde inn saker før møtet.